
Fra: Kristin Nåmdal
Sendt: 8. mai 2015 08:59
Til: Postmottak Meland
Emne: VS: Vdr Kommuneplan, arealdel for Meland kommune

Hei, kan de registrere denne på innspel til arealplan. Eg er på heimekontor og har acessproblem til fokus

Fra: Morgan Sagstad [<mailto:msagstad@hotmail.com>]
Sendt: 7. mai 2015 20:12
Til: Kristin Nåmdal
Emne: Vdr Kommuneplan, arealdel for Meland kommune

Hei

Ref 14/458-15/7075

Eg ser det er gjort endringar i plankartet som vedkjem deler av min eigedom på Nedre Sagstad.

For å kunne sikre tilstrekkelig areal til vekst og utvikling i Meland kommune er det viktig å ha ein god arealplan.

Området som er skravert rødt-offentlig tenesteyting, er et sentralt område nær Frekhaug senter der tomteprisene er høge.

At enkelte grunneigarar i dette området får lov å omsetja deler av bruka sine til bustadføremål medan andre får teigen regulert til offentlig tenesteyting gjer ein stor skilnad i pris ved eit evt salg.

Eg har stor forståelse for at kommunen treng areal i framtida, men meiner det er viktig å sørge for at dei som blir berørt av den evt utbygginga ikkje må lide økonomisk tap som følge av dette. Allerede eksisterande hus på dei berørte teigane vil til dømes bli mindre verdt.

For å bøte på dette kan ein til dømes også godkjenne deler av teigarealet til nokre bustadomter, for å rette på ulempen dette medfører for eigar.

Etter kvart som det blir nærmare planlegging er det viktig at grunneigarane blir tatt med på dette. Det er viktig med gjensidig forståing i saka. Eg trur det må gå litt begge vegar slik at vi kan sy det heile saman til ei best mogeleg løysing for alle partar.

Mvh

Morgan A. Sagstad